

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Studenttinget 2016/2017

### Sakliste til 7. møte, 29.03.17

Sak 48 - 16/17:	Val av ordstyrar og teljekorps.....	3
Sak 49 - 16/17:	Godkjenning av innkalling og referat .....	4
Sak 50 - 16/17:	Godkjenning av sakliste og dagsorden .....	5
Sak 51 - 16/17:	Orienteringar .....	6
Sak 52 – 16/17:	Ny nettside – orientering v/ Terese Balsnes.....	7
Sak 53 – 16/17:	Digitalisering i utdanninga – orientering v/ Hilde-Gry Leer-Salvesen .....	8
Sak 54 – 16/17:	Studiebarometeret 2016 – orientering v/Johann Roppen .....	9
Sak 55 - 16/17:	Internasjonalt ansvarleg fråtrer sitt verv.....	10
Sak 56 - 16/17:	Samansetjinga av arbeidsutvalet i STiV .....	11
Sak 56 - 16/17:	Endring av stillingsbeskrivinga til leiar.....	13
Sak 58 - 16/17:	Endring av vedtektene.....	14
Sak 60 – 16/17:	Ymse .....	15
Sak 57 – 16/17:	Vedlegg 1 – ny stillingsbeskriving for leiar .....	16
Sak 57 – 16/17:	Vedlegg 2 – gjeldande stillingsbeskriving for leiar .....	17

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 48 - 16/17: Val av ordstyrar og teljekorps

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Karoline Strand

---

Arbeidsutvalet innstiller Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Arbeidsutvalet innstiller Serghei Levenco og Eirik Nybø til teljekorps.

### **Forslag til vedtak:**

Studenttinget vel Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Studenttinget vel Serghei Levenco og Eirik Nybø til teljekorps.

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 49 - 16/17: Godkjenning av innkalling og referat

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

---

Studenttinget innstiller, i denne rekkjefylgja:

- Innkallinga
- Referatet

**Forslag til vedtak:** Studenttinget godkjenner innkalling og referat.

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 50 - 16/17: Godkjenning av sakliste og dagsorden

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

---

Forslag til sakliste og dagsorden

### Møtestart kl 16.30

Sak 48 – Val av ordstyrar og teljekorps	16.30-16.45
Sak 49 – Godkjenning av innkalling og referat	
Sak 50 – Godkjenning av sakliste og dagsorden	
Sak 51 – Orienteringar	
Sak 52 – Ny nettside – orientering v/ Terese Balsnes	16.45 – 16.55
Sak 53 – Digitalisering i utdanninga v/ Hilde-Gry Leer Salvesen	16.55 – 17.10
Sak 53 – Studiebarometeret 2016 – orientering v/ Johann Roppen	17.10 – 17.30
Sak 54 – Internasjonalt ansvarleg fråtrer sitt verv	17.30 – 17.35
Pause	
Sak 55 – Samansetjinga av Arbeidsutvalet i STiV	17.45 – 18.05
Sak 56 – Endring av stillingsbeskrivinga til leiar	18.05 – 18.15
Sak 57 – Endring av vedtektene	18.15 – 18.25
Sak 58 – Ymse	18.25 – 18.40

### Møteslutt ca 18.40

**Forslag til vedtak:** Studenttinget godkjenner sakliste og dagsorden

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 51 - 16/17: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Karoline Strand

---

### Orienteringar

- Status Kaarstad (møblement og mat)
- Det nye mediebygget
- Styringsmodell (framleis vald rektor)
- FoU-prisen 2017 (nominasjonsfrist 15. april)
- Arbeid med rekruttering til AU-val
- Workshop med Studenttinget 4. april

**Forslag til vedtak :** Det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker.

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 52 – 16/17: Ny nettside – orientering v/ Terese Balsnes

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

---

Terese Balsnes frå kontor for samfunnskontakt vil orientere om arbeidet med den nye nettsida til høgskulen. Det er mogleg å kome med spørsmål og innspel.

Det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker.

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 53 – 16/17: Digitalisering i utdanninga – orientering v/ Hilde-Gry Leer-Salvesen

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

---

Hilde-Gry Leer-Salvesen vil orientere om arbeidet med digitalisering i utdanninga. Det er mogleg å kome med spørsmål og innspel.

Det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker.



# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 54 – 16/17: Studiebarometeret 2016 – orientering v/Johann Roppen

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

---

Rektor Johann Roppen vil orientere om resultatene av Studiebarometeret 2016. Det er mogleg å kome med spørsmål og innspel.

Det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker.

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 55 - 16/17: Internasjonalt ansvarleg fråtrer sitt verv

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: David Fiskaa

---

Internasjonalt ansvarleg i arbeidsutvalet i STiV, Natalia Ramirez Garcia, fråtrer sitt verv. Arbeidsutvalet vurderer det slik at det er mest hensiktsmessig å ikkje gjennomføre suppleringsval på inneverande tidspunkt, men tilrår heller å gjennomføre val av ny internasjonal ansvarleg i samband med ordinært val i april.

### **Forslag til vedtak:**

Det vert ikkje halde suppleringsval for ny internasjonalt ansvarleg. Ny internasjonalt ansvarleg vert vald ved ordinært val av nytt arbeidsutval i april.

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 56 - 16/17: Samansetjinga av arbeidsutvalet i STiV

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Karoline Strand

---

Det har dei siste månadane pågått ein diskusjon i arbeidsutvalet om det er behov for å ha seks stillingar i AU. Etter diskusjon på AU-møte ynskjer vi no å fremje forslag om å kutte stillinga til entreprenør- og næringslivskoordinator. Eit mindretal i AU har teke ut dissens i saka.

Kort bakgrunn:

Stillinga som entr. og næringslivskoordinator starta som eit prøveprosjekt i 2013. Prøvetida var først på eit halvt år, som seinare vart utvida med eit halvt år til av studenttinget. Fokuset i prøveperioden var å avdekkje behovet for tettare samarbeid mellom HVO og næringslivet, og avklare korleis slike samarbeid kunne fungere. Blant anna vart det prøvd å starte lokallag av Start Noreg, og det har vorte arrangert ulike kurs og konferansar. Lars Vidar Gullestad var den som fekk i gang prøveprosjektet, før Thomas Hesselberg tok over då stillinga vart permanent i oktober 2014. Marie Havnsund gjekk inn i stillinga i april 2015.

I andre studentparlament sine arbeidsutval er det ikkje vanleg med ei eiga stilling som entreprenør- og næringslivskoordinator. På den andre sida har andre høgskular og universitet gjerne andre ordningar og tiltak for å sikre studentane ei påkopling til arbeids- og næringslivet, slik som eit eige karrieresenter, jobbsøkjarkurs, næringslivsdagar eller liknande.

### Forslag til vedtak (fleirtalet):

1. Studenttinget kuttar stillinga til Entreprenør- og Næringslivskoordinator i arbeidsutvalet.
2. Vedtektene til STiV vert oppdatert redaksjonelt som fylgje av at stillinga vert kutta.

### Dissens frå mindretalet (Marie Havnsund):

Studenttinget opprettheld stillinga som entreprenør- og næringslivskoordinator.

### Grunngjeving frå fleirtalet:

Fleirtalet av AU meiner at leiar kan overta mykje av oppgåvene som entreprenør- og næringslivskoordinator har når leiar no har fått auke i honorar tilsvarande ei 50% stilling. Dette gjev

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



leiar betre kapasitet til å arbeide meir med entreprenørskap, men også være eit meir aktivt talerør opp mot det lokale og regionale arbeids- og næringslivet, noko leiar allereie er i dag. I andre organisasjonar og bedrifter er det også slik at det er naturleg at dette er leiar sitt ansvar. Fleirtalet presiserar at oppgåvene til Entreprenør- og Næringslivskoordinator ikkje berre treng å ligge hos leiar, men også dei resterande AU-medlemene.

Fleirtalet i arbeidsutvalet ser det som mest tenleg at ansvarsområda som no er lagt til denne stillinga i første runde blir flytta over til leiar, som allereie har mykje av ansvaret og kontakten med lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv. Fleirtalet meiner også at seks medlemmar for eit AU er i meste laget når HVO har eit studenttal på underkant av 4000 studentar. Dagens antal medlemmer i AU er høgare enn andre AU på andre studiestadar. Difor vil eit kutt av denne stillinga vere tenleg.

Fleirtalet ser det også som tenleg å implementere punkter for arbeids- og næringsliv, samt entreprenørskap i STiV sitt arbeidsprogram. På denne måten vil nest AU verte pliktige til å fokusere på området Entreprenør- og Næringslivskoordinator har hatt ansvaret for.

Dersom Studenttinget godkjenner fleirtalet sitt forslag til vedtak, vil det vere aktuelt å endre stillingsbeskrivinga til leiar. I tillegg ynskjer fleirtalet i AU at løna som tilhøyrrer Entreprenør- og Næringslivskoordinator skal delast på dei andre i AU, med unntak av leiar. Dette vil kunne endrast gjennom tilleggsavtalen mellom STiV og HVO.

## **Grunngjeving frå mindretalet:**

Stillinga har eit opparbeida samarbeid med Kultur næringshagen. Ein leiar kan sjølvstendig oppretthalde dette samarbeidet, men det er behov for ein person som har jamleg kontakt og som skal prioritere entreprenørskap og innovasjon.

Nettopp fordi det viser seg å vere lite fokus på entreprenørskap i Volda, bør stillinga stå. Med tanke på andre høgskular og universitet er entreprenørskap noko som vi henger etter med. Vi har mellom anna ikkje eit karrieresenter eller eit utval som arbeider med entreprenørskap og næringsliv. Det har vore forsøkt oppretta likande, men utan hell. I tillegg er mindretalet bekymra for at neste AU ikkje vil vere like dedikert til arrangementet Kunnskap i Vekst.

Eit siste poeng er at det å vere engasjert i AU ikkje bør styrast av honoraret. Dette honoraret er av svært liten betydning for resten av AU.

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 57 - 16/17: Endring av stillingsbeskrivinga til leiar

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Lisa S. Kalvø

---

Dersom vedtaket om å kutte stillinga til Entreprenør- og Næringslivskoordinator blir vedteke vil det være relevant å endre stillingsbeskriving til leiar. Her er det ynskjeleg å supplere eit par punkt om arbeids- og næringsliv, samt entreprenørskap.

### **Vedlegg:**

Sjå vedlegg 1 for forslag til endra stillingsbeskriving.

Sjå vedlegg 2 for opphavelig stillingsbeskriving.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vedtek ny stillingsbeskriving for leiar. Dersom saka angåande kutt i AU ikkje blir vedteke, vil forslag til vedtak være at denne saka ikkje realitetsbehandlast.

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 58 - 16/17: Endring av vedtektene

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

Arbeidsutvalet har sett at vedtektene, slik dei er formulert i dag, kan vere til hinder for at avtroppande medlemmer i arbeidsutvalet kan stille til val i Høgskulestyret på linje med andre studentar. Slik AU ser det, er punktet i vedtektene som omhandlar dette først og fremst meint å hindre at sitjande AU har verv i Høgskulestyret, og ikkje forhindre tidlegare medlemmer å stille til val. Ordlyden i gjeldande vedtekter er som fylgjer:

§ 5.1 c) Medlemene i arbeidsutvalet kan ikkje stille til val eller inneha verv i Høgskulestyret.

Arbeidsutvalet føreslår på bakgrunn av dette å endre §5.1 c) i vedtektene slik at det kjem tydeleg fram at tidlegare medlemmer i arbeidsutvalet kan stille til val i høgskulestyret.

### **Forslag til vedtak:**

Vedtektene til STiV, Kap. 5, § 5.1, bokstav c vert erstatta til fylgjande ordlyd:

"Medlemene i arbeidsutvalet kan ikkje stille til val eller inneha verv i Høgskulestyret. Føresegna er likevel ikkje til hinder for at eit avtroppande medlem kan stille til val, forutsatt at medlemmet i arbeidsutvalget vil fråtre sitt verv før ny periode for Høgskulestyret tek til."

**Uprenta vedlegg (sendt på e-post):** vedtektene til STiV

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



Sak 60 – 16/17: Ymse

Type sak:

Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

---

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 57 – 16/17: Vedlegg 1 – ny stillingsbeskriving for leiar

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Lisa S. Kalvø

---

### Leiar (endringsforslag)

- Er ansvarleg for at det daglege arbeidet i STiV vert utført, og skal koordinere arbeidet til medlemene i arbeidsutvalet.
- Er hovudansvarleg for at vedtak fatta i STiV blir iverksette.
- Skal representere STiV utad på ein sakleg og ryddig måte.
- Har hovudansvar for mediehandtering. Leiar skal òg, saman med organisasjonskonsulenten, sørge for at presseoppslag vert arkiverte.
- Er i praktisk forstand nærmaste overordna til organisasjonskonsulenten i STiV, og ansvarleg for denne sitt arbeidsmiljø.
- Skal ivareta og vidareutvikle kontaktnettet til STiV.
- Deltak på leiingsmøte, saman med nestleiar i STiV, leiinga ved HVO og leiinga ved SiVolda.
- Er ansvarleg for den økonomiske styringa i STiV, og skal ha oversikt over alle transaksjonar.
- Er hovudansvarleg for at eit nytt studentting vert oppretta ved studiestart.
- Skal halde seg oppdatert på høgskulestyret sitt arbeid.
- Har det overordna ansvaret for utdelinga av Studentprisen, og sit i juryen. for prisen saman med nestleiar i STiV/ og representantar frå leiinga ved HVO og SfS.
- Er fast studentrepresentant i UH-nett Vest.
- Sit i StudiebygdA-partnerskapet som fast representant for STiV
- Leiar, saman med informasjonsansvarleg ha kontakt og vere talerør ut til det lokale nærings- og arbeidslivet, og skal arbeide for å fremje det lokale næringslivet sin posisjon i studentkvardagen
- Skal saman med resten av AU, vere ein pådrivar for innovasjon og entreprenørskap i Volda, og fremje dialog mellom næringslivet og studentar og tilsette ved HVO.
- Har ansvar for å gjennomføre tiltak for å auke interessa for entreprenørskap hos studentane.
- Skal sjå på mulegheitene for å rekruttere studentar til ei arbeidsgruppe som skal arbeide opp i mot næringslivet.

#### **Punkt som er felles for alle AU-medlemene i STiV:**

- Er underlagt STiV sine styringsdokument og vedtak, og skal arbeide og stemme i tråd med desse.
- Skal prioritere dette vervet framfor andre frivillige verv.
- Skal avlaste dei andre AU-medlemene ved behov.
- Skal levere utfyllande rapport seinast ein månad etter endt verv.



# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



## Sak 57 – 16/17: Vedlegg 2 – gjeldande stillingsbeskriving for leiar

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Lisa S. Kalvø

---

### Leiar

- Er ansvarleg for at det daglege arbeidet i STiV vert utført, og skal koordinere arbeidet til medlemene i arbeidsutvalet.
- Er hovudansvarleg for at vedtak fatta i STiV blir iverksette.
- Skal representere STiV utad på ein sakleg og ryddig måte.
- Har hovudansvar for mediehandtering. Leiar skal òg, saman med informasjonsansvarleg, sørge for at presseoppslag vert arkiverte.
- Er i praktisk forstand nærmaste overordna til organisasjonskonsulenten i STiV, og ansvarleg for denne sitt arbeidsmiljø.
- Skal ivareta og vidareutvikle kontaktnettet til STiV.
- Deltek på leiingsmøte, saman med nestleiar i STiV, leiinga ved HVO og leiinga ved Sfs.
- Er ansvarleg for den økonomiske styringa i STiV, og skal ha oversikt over alle transaksjonar.
- Er hovudansvarleg for at eit nytt studentting vert oppretta ved studiestart.
- Skal halde seg oppdatert på høgskulestyret sitt arbeid.
- Har det overordna ansvaret for utdelinga av Studentprisen, og sit i juryen for prisen saman med nestleiar i STiV og representantar frå leiinga ved HVO og Sfs.
- Er fast studentrepresentant i UH-nett Vest.
- Sit i redaksjonen for portalen Studiebygda.

#### ***Punkt som er felles for alle AU-medlemene i STiV:***

- Er underlagt STiV sine styringsdokument og vedtak, og skal arbeide og stemme i tråd med desse.
- Skal prioritere dette vervet framfor andre frivillige verv.
- Skal avlaste dei andre AU-medlemene ved behov.
- Skal levere utfyllande rapport seinast ein månad etter endt verv.

# Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17

